

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.06.2018

Eit samla utval sette fram slikt forslag til nytt pkt. 3 og at fylkesrådmannen sitt pkt.3 og 4 vart pkt.4 og 5:

«3. Om kategorien «særlig nasjonal verdi» mot formoding oppretthaldast, må t.d. bygningane til Den Nasjonale Scene (Jugendbygg frå 1909), Naturhistorisk museum (Bergen museum frå 1865) - Universitetet i Bergen inkluderast i denne kategorien.»

Røysting

Nytt pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmanne sitt forslag vart elles vedteke slik det låg føre.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementets forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Dei nye oppgåvene og verkemidla vil styrke fylkeskommunen sin rolle og vil bidra til å forenkle forvaltinga, desentralisere makt, byggja robuste kompetansmiljø i fylkeskommunane, styrke det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar og leggja til rette for eit meir heilskapleg grep på kulturminneområdet.
2. Hordaland fylkeskommune vil samtidig påpeike at prinsippa for oppgåveplassering ikkje er konsekvent følgd opp. Dette gjeld oppgåver som Riksantikvaren held fram med å ha eller som vert foreslått overført trinnvis. Kulturminne av «særleg nasjonal verdi» må fjernast som kvalitativ gradert kategori, og den gruppa kulturminne som Riksantikvaren skal behalda førstelinjeansvaret for, må avgrensast meir konsekvent og tydeleg. Dei store mellomalderbyane må overførast etter ein forpliktande tidsplan.
3. Om kategorien «særlig nasjonal verdi» mot formoding oppretthaldast, må t.d. bygningane til Den Nasjonale Scene (Jugendbygg frå 1909), Naturhistorisk museum (Bergen museum frå 1865) - Universitetet i Bergen inkluderast i denne kategorien
4. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til fylkesrådmannens merknader til høringsforslaget, datert 6.6.2018.
5. Hordaland fylkeskommune føreset at:
 - a. Overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar
 - b. Den regionale styrkinga av kapasitet og kompetanse skal fullt ut kompensert i kommuneproposisjonen for 2020.